

Informasjon til fastlegar – Pakkeforløp psykisk helse og rus

Pakkeforløpa inneber ingen nye rettar og plikter, men skal bidra til å sette god praksis i system. Pakkeforløpa er forankra nasjonalt, dei er utarbeida av samansette arbeidsgrupper og det har vore ei brei involvering i høyringsrundane.

Dei tre første pakkeforløpa takast i bruk frå 1. januar 2019. Dette er:

- [Pakkeforløp for utredning og behandling i psykisk helsevern, barn og unge.](#)
- [Pakkeforløp for utredning og behandling i psykisk helsevern, voksne.](#)
- [Pakkeforløp for tverrfaglig spesialisert rusbehandling \(TSB\)](#)

Vidare kjem dei tilstandsspesifikke pakkeforløp som skal takast i bruk frå 15. februar 2019:

- [Pakkeforløp for mistanke om psykoseutvikling og psykoselidelser](#)
- [Pakkeforløp for utredning og behandling av tvangslidelse \(OCD\)](#)
- [Pakkeforløp for spiseforstyrrelser hos barn og unge](#)

Fleire pakkeforløp vil truleg kome etter kvart.

Henvisning

Kommunen startar pakkeforløpet ved å sende ei henvisning til spesialisthelsetenesta. Både fastlegar og andre helsearbeidarar i psykisk helsevern, helsestasjon og barnevern i kommunane kan sende henvisning, men fastlege bør/skal vere informert.

Du henviser på vanleg måte. I det enkelte pakkeforløpet (se lenker over) og i NEL finn du ei oversikt over kva som bør vere med i ei henvisning, Lista kan virke lang og overveldande, men kan brukast som ei hugseliste.

Alle pasientar som vert henvist til psykisk helsevern og TSB vert tilbudd pakkeforløp.

Forløpskoordinator

Eit sentralt grep for å sikre god oppfølging og unngå unødige avbrudd er bruk av forløpskoordinator både i kommunen og i spesialisthelsetjenesta. Forløpskoordinatoren skal vere med å sikre at utgreiing, behandling og oppfølging er individuelt tilpassa og skjer utan unødig ventetid. Som i kreftpakkeforløpa er det tidsfristar for spesialisthelsetenesta å forhalde seg til.

Forløpskoordinator vil vere ein viktig kontaktperson for pasienten og eventuelt pårørande, og kan svare på spørsmål og gi informasjon om kva som skal skje undervegs i eit forløp. Jfr forløpskoordinator for kreftpakkeforløpa.

I Helse Førde er det tilsett 2 forløpskoordinatorar som startar 4.februar.

- Sønnøve Caroline Yndestad Ramsfjell - sonnove.caroline.yndestad.ramsfjell@helse-forde.no
- Ellinor Kleppenes - ellinor.kleppenes@helse-forde.no

Forløpskoordinering i kommunen vert lagt til koordinerande eining.

Øyeblikkeleg hjelp

Etter ei akutt-innlegging eller øyeblikkeleg-hjelp-vurdering, skal pasienten få tilbod om pakkeforløp dersom det er trong for vidare utgreiing og behandling i spesialisthelsetjenesta.

Mer info sjå:

[Infoside Helsedirektoratet](#)

[Infoside Helse Vest RHF](#)

[Infoside HelseNorge](#)